

# ***PLAN FOR OVERGANGEN FRÅ GRUNNSKULE TIL VIDAREGÅANDE SKULE***



***Eit samarbeid mellom Klepp kommune, Time kommune og Bryne vidaregåande skule***



## ***OVERGANG FRÅ GRUNNSKULE TIL VIDAREGÅANDE SKULE***

### ***Overordna mål:***

***Sikra at alle elevar / ungdommar i Klepp og Time får ei utdanning som kvalifiserer dei for eit yrke eller til vidare utdanning.***

### ***Delmål undervegs:***

1. 78 % av elevane våre skal fullføra og bestå vgs etter 5 år innan 2020 og 80 % innan 2022
2. Arbeida i større grad på systemnivå for å redusera behov for oppfølging på individnivå
3. Systematisk samhandling mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule
4. Felles kompetansutvikling i utvalde fag mellom grunnskule og vidaregåande skule
5. Rutiner for foreldreinvolvering for elevar med behov for «Tett på» eller «Glidelåsen»

### ***Bakgrunnen for planen:***

Fråfallet i vidaregåande opplæring, elevar som sluttar i skulen og ikkje får seg ei fagutdanning, er for stort og større enn det burde vera i kommunane våre. Sjølv om dei fleste indikatorar og nøkkeltal syner at begge kommunane ligg på snittet av nasjonalt nivå, er her rom for forbetring. Tal på elevar som fullfører og består på normert tid varierer mellom 56 og 59 % for dei ulike årskulla mellom 2008 og 2012. Talmateriale og statistikk syner og at dei aller fleste elevane, om lag 98 %, byrjar på vidaregåande opplæring den hausten dei har gått ut av grunnskulen om våren.

Etter eitt år er om lag 7 % ute av vidaregåande opplæring, om lag 7 % repeterer på lågare eller same trinn, resten har ordinær progresjon i det vidaregåande opplæringsløpet. Prosentandelen med ordinær progresjon går ned etter 2. år på vidaregåande. Slik kan ein følgja løpet vidare. Elevar fell frå i opplæringsløpet etter først å ha kome vel i gang med vidaregåande opplæring.

Erfaringar så langt viser at «tidleg innsats» og tett oppfølging hjelper elevar til å meistra skulegang og livet. Med tidleg innsats meiner vi her alle overgangar; barnehage-skule, barneskule-ungdomsskule, ungdomsskule-vidaregåande skule. All data og erfaring som vi kan henta frå ulike prosjekt som vi har vore med i som Ny Vri og Innovasjonsprosjektet i Time, syner mykje det same. Elevar som har falle frå fortel om:

- lite oppfølging
- skulk
- fråver utan at nokon grip tak i det

- hjelp og interesse frå andre kjem for seint og lenge etter at dei har kome inn i ein vond spirale.

Ei elevgruppe på 14-15 elevar med mykje fråver, karaktersnitt under 3 ved utgang av 10. trinn, har vore følgde tett opp med jamnlege samtalar og interesse frå vaksne rundt dei. Alle desse er fortsatt i opplæring. Dette gjev oss tru på at det nyttar.

### ***Tiltak og ansvar på ulike arenaer for oppfølging:***

#### **Ungdomstrinnet ( rektor, rådgjevar, sosiallærer, kontaktlærer, helsesøster )**

Rektor må vera sentral og leggja føringar for både systemarbeid og kva som skal gjerast inn mot einskildelevar. Det gjeld både elevsyn og engasjement og korleis ein arbeider for å sikra kvar einskild elev. Det må ikkje vera opp til kvar sosiallærer eller kontaktlærer å avgjera når barnevern, PPT, helsesøster eller andre hjelpeinstansar må på bana. Sosiallærer og kontaktlærer må ha ei sentral rolle gjennom sin daglege kontakt med eleven.

Relasjonar og relasjonsbygging må vektleggjast. Både erfaring og forskning syner at relasjonsbygging mellom elev og lærar/vaksen er suksessfaktor for å kunne lukkast i arbeid med elevar. Det gjeld både i læring og i arbeid med å få elevar til å fullføra eit utdanningsløp. Det er både ei utfordring og ei vanskeleg oppgåve å koma tidsnok på bana. Det må vera ei målsetting å vri meir av tidsbruken frå drøfting av einskildelevar til drøfting av elevgrupper i faresona og korleis ein heile tida kan hanka dei inn til å koma seg vidare. Slik tverrfagleg og tverretatleg drøfting kan vera ein suksessfaktor til «tidleg innsats», men skulen må villa det og setja av tid til det; eit klart ansvar for leiinga. Laget rundt læraren-eleven er viktig i dette arbeidet.

#### **På systemnivå:**

- Ressursgrupper/team: Skule, skulehelseteneste, barnevern, PPT
- Klasselærarråd: Samling med alle lærarane som arbeider i og med klassen- status i elevgruppa

#### **Individnivå:**

- **«Glidelåsen» i Klepp;** eit samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen om elevar i faresona. Opplegget er eit tverretatleg samarbeid mellom skule, barnevern, helse og PPT for å finna fram til aktuelle elevar til Glidelåsen. Elevane vert «godkjende» av fylkeskommunen. Frå skulestart om hausten vert dei tett følgde opp med møte mellom vidaregåande skule, elev, føresette og «Heia-gjeng» der det vert laga tiltaksplan for eleven. «Heia-gjeng» ( lærar, annan tilsett på skulen, slektning, helsesøster, representant frå frivillig lag m.m. ) si oppgåve er å trø støttande til og ha kontakt med eleven og motivera for vidare skulegang når han / ho er lite motivert og helst vil slutta.
- **«Tett på» i Time;** System for avdekking og oppfølging av elevar som er i gråsona. Analyse av kva elevar som kjem inn under eit eller fleire av følgjande kriterie- høgt fråvære, grunnskulepoeng under 30, karakternivå i faga kroppsøving og matematikk, psykososiale problem,/oppfølging av helsesystemer. Gjeld ikkje elevar etter § 5.1 i opplæringslova. Samhandling med Bryne vgs for elevar som har underteikna avtale om «Tett på».
  - Dybdesamtale etter eigen mal med den einskilde eleven for å kartleggja årsak og finna deira behov ift oppfølging

- Systematisk oppfølging av fråvære- eigen plan
- Oppfølging gjennom eigne møter med sosiallærer og/eller helsesyster
- For elevar i 10. trinn vert det gjennomført møte med elev og føresett med spørsmål om å underteikna avtale om «Tett på» med tiltak om oppfølging over i vgs.
- Tilbod om sommarjobb for fem ungdommar som har underteikna avtalen «Tett på»- Deltaking på forkurs er eit vilkår.

Rutinar for oppfølging av Forkurs der både grunnskulen og vidaregåande skule motiverer og følgjer opp eleven

Helsesøster avklarar med einskildelevar om dei ønskjer at informasjon skal overleverast til vgs i mai

**Vidaregåande skule: ( rektor, you rådgjevar, sosialpedagogisk rådgjevar, spes.ped. rådgjevar, kontaktlærer, helsesøster )**

**På systemnivå:**

- Ressurslagsmøte: nettverket består av OT, sosialpedagogisk rådgjevar, skulehelsetenesta, PPT, avdelingsleiar, spes.ped.rådgjevar.  
Dei arbeider med oppfølging av enkelte saker både på individ og systemnivå, kor vi set i gang tiltak. Utarbeider og reviderer systemdokument som t.d. Handlingsplan for godt psykososialt miljø § 9a. Handlingsplan for rus. Handlingsplan for Psykisk helse. Handlingsplan for psykisk helse er under utforming. Kompetanseutvikling av alle lærarane, spor 3 (nullvisjonen), klasseledelse og kompetanseheving på psykisk helse. Handlingsplan saman med politiet for å forebygge rus m.m., skal utarbeides våren og høsten 2018
- Klasselærarråd: spesiell oppfølging av elevar, elevar med IOP, behov for tett oppfølging eller støtte.  
Fråvær, orden og åtfærd. Det skal skrivast referat frå møta.
- Trekanten er et nytt opplegg som starter opp høsten. Avdelingsleder, kontaktlærer og sosialpedagogisk rådgiver har jevnlege møter for å samarbeide om elevar i forhold til fraværsoppfølging, psykisk helse og klasselæringsmiljø.
- Makkerskap: Viktig for å skape trygghet og trivsel hos elevene. Elevene får fast plass med navnet sitt på pulen. Hver elev er i makkerpar og makkergruppe på fire elevar.
- Psykisk helse: Har et opplegg for alle trinn innen psykisk helse. Dette blir lagt inn i planane tidleg på hausten.  
Markering av Verdensdagen for psykisk helse med stands, film og opplegg i klassene på Vg1.  
Kurs: mellom anna: jentesnakk, stressmeistringskurs (tilbod på Vg2), søvn og psykisk helse, kurs «Tankevirus», meistringskurs for ungdom (DU).  
Eige opplegg for oppfølging av russ. Schizofrenidagen-foredrag Vg3.

**Individnivå:**

Støttefunksjonar alt etter kva som er eleven sin vanske, det kan vera ei bekymring frå kontaktlærer.

Då kan det vera sos.ped.rådgjevar, you-rådgjevar, spes.ped rådgjevar, helsesøster eller andre i støtteapparatet rundt eleven.

### **Samhandling mellom grunnskule og vidaregåande skule:**

#### **På systemnivå:**

- Felles kompetanseutvikling mellom grunnskule og vgs; ei fagsamling i halvåret. Norsk, engelsk, matematikk og 2. framandspråk, psykisk helse
- Foreldreinvolvering: representant frå vidaregåande skule er med på fagkveldar for 10. trinn om hausten eller i januar
  - *( rådgjevarane på BVS føreslår at fagdagar etter Klepp og Gjesdal modell er tilstrekkeleg ) -*

#### **På individnivå:**

- Overføringsmøte i mai måned mellom skulane om einsskildelevar
- Arrangera forkurs i samarbeid med grunnskulen

### **Oppfølging kommunalt nivå:**

#### **På systemnivå:**

- Setja overgangsarbeid på dagsorden på leiarmøte
- Ha overgangsarbeid som tema på dialogmøte med skulane
- Ha klare ansvarsområde i årshjulet
- Evaluera overgangsarbeidet årleg- nytt punkt



## Årshjul for oppfølging og samhandling:

<i>Årshjul</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Ansvar Kom.sjef</i>	<i>Ansv. Rektor</i>	<i>Ans OT</i>	<i>Ansv. Rådgj.</i>	<i>Ansv. Helses.</i>	<i>Ansv. Sos.l</i>	<i>Delmål</i>	<i>Vedlegg / merknad</i>
August	Ved skulestart: Dei som har søkt vg1 og ikkje møter opp vert følgde opp i samarbeid med OT. Første skuledag har grunnskulen kontakt med vidaregåande skule og høyrer etter om elevane har møtt på skulen.		X					Delmål 2.  Arbeida i større grad på systemnivå for å redusera behov for oppfølging på individnivå	
Innan utgangen av sept/okt	Evaluering av forkurs på BVS.	X Klepp og Time						2	
August	Elevar som ikkje søker VGS eller takkar NEI til skuleplass vert kontakta. Det vert halde avklaringsmøte med OT.			X				Delmål 1  78% av våre elevar skal fullføra og bestå vgs etter 5 år innan 2020 80% innan 2022	
September	Møte mellom SLT – kontakt, politi, rådgjevarar og sosiallærara	SLT kontakt i Time og i Klepp		x			x		SLT kontaktane i Time og Klepp kallar inn





<i>Årshjul</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Ansvar Kom.sjef</i>	<i>Ansv. Rektor</i>	<i>Ans OT</i>	<i>Ansv. Rådgj.</i>	<i>Ansv. Helses.</i>	<i>Ansv. Sos.l</i>	<i>Delmål</i>	<i>Vedlegg / merknad</i>
September	Møte mellom grunnskular og vidaregåande skular ( BVS og Øksnevad ) for å evaluera og drøfta overgangsarbeidet.	X  Time og Klepp						2	Klepp ansvar i 2018 Time ansvar i 2019
Jan-mars frå 9.-10.klasse	Informasjon til elevar om årsplan, UTV, søknadsprosedyrer til VGS.				x			1	
September / oktober og/eller januar	Fagkveld på ungdomsskulen for 10. trinnforeldre der dei får informasjon om søkeprosess m.m. i høve til VGS.				x	x	x	Delmål 5  Rutiner for foreldreinvolvering	<b><i>You-rådgjevarane, helsesøster på BVS ønskjer ein fagkveld i kvar kommune kor foreldre er med. Under arb i rådgj gruppa</i></b>
Oktober	Interkommunal fagdag ( halv dag ) for lærarar på ungdomsskulane og vidaregåande skule. Gjeld faga matematikk, norsk, engelsk og framandspråk; eit fag kvart halvår.	x  Klepp						Delmål 3  Systematisk samhandling mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule	Framandspråk hausten 18; tysdag 12 - 15



<i>Årshjul</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Ansvar Kom.sjef</i>	<i>Ansv. Rektor</i>	<i>Ans OT</i>	<i>Ansv. Rådgj.</i>	<i>Ansv. Helses.</i>	<i>Ansv. Sos.l</i>	<i>Delmål</i>	<i>Vedlegg / merknad</i>
Oktober	Møte mellom Fagstab og Bryne vgs- oppfølging av elever som er med i «Tett på»	x						Delmål 3  Systematisk samhandling mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule	Gjeld Time
oktober	Møte mellom Fagstab og Bryne vgs- oppfølging av elever som er med i Glidelåsen	x							Gjeld Klepp
November /desember	Inntaksmøte om søknads- og opptaksprosess for rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande skule.				x			Delmål 2  Arbeida på systemnivå for å redusera behovet for oppfølging på individnivå	Rogaland fylkeskommune
Oktober / januar	Utdanningsval m/ hospitering på VGS. «Ope Hus» på VGS. Ta del i yrkesmesser og andre arrangement		x		x			Delmål 1  78 % av elevane våre skal fullføra og bestå vgs etter 5 år innan 2020 og 80 % innan 2022	



<i>Årshjul</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Ansvar Kom.sjef</i>	<i>Ansv. Rektor</i>	<i>Ans OT</i>	<i>Ansv. Rådgj.</i>	<i>Ansv. Helses.</i>	<i>Ansv. Sos.l</i>	<i>Delmål</i>	<i>Vedlegg / merknad</i>
Januar	Velja ut elevar til «Glidelåsen».		x		x	x		4	Gjeld Klepp
Januar	Avklara elevar som har behov for avtale om «Tett på»		x		x	x		Delmål 4  Felles kompetansutvikling i utvalde fag mellom grunnskule og vidaregåande skule	Gjeld Time
Februar (5.mars)	Møte mellom fagstab og rådgjevarar og sosiallærarar om kva elevar som har underteikna «Tett på» avtale. Vurdering av kva elevar som får tilbod om sommarjobb.	x	x		x	x		2 og 4	Gjeld Time
	Melda frå til fylkeskommunen om elevar som er aktuelle for «Glidelåsen».	x						2 og 4	Gjeld Klepp; oppvekstleiar og rådgjevar



<i>Årshjul</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Ansvar Kom.sjef</i>	<i>Ansv. Rektor</i>	<i>Ans OT</i>	<i>Ansv. Rådgj.</i>	<i>Ansv. Helses.</i>	<i>Ansv. Sos.l</i>	<i>Delmål</i>	<i>Vedlegg / merknad</i>
Fram til 1. mars	Karrieresamtalar / rettleiing til elevar på 10. trinn både individuelt og i grupper.				x			Delmål 1.  78 % av elevane våre skal fullføra og bestå vgs etter 5 år innan 2020 og 80 % innan 2022	Gjeld berrei Time
April 17.april	Interkommunal fagdag ( halv dag ) for lærarar på ungdomsskulane og vidaregåande skule. Gjeld faga norsk, matematikk, engelsk og framandspråk; eit fag kvart halvår.	x						Delmål 3  Systematisk samhandling mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule  Delmål 4  Felles kompetansutvikling i utvalde fag mellom grunnskule og vidaregåande skule	Norsk våren -18 tysdag 12-15  Hausten -18 Psykisk helse





<i>Årshjul</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Ansvar Kom.sjef</i>	<i>Ansv. Rektor</i>	<i>Ans OT</i>	<i>Ansv. Rådgj.</i>	<i>Ansv. Helses.</i>	<i>Ansv. Sos.l</i>	<i>Delmål</i>	<i>Vedlegg / merknad</i>
Innan 1. mai	Ha på plass «Heiagjeng», samtykkjeerklæring og utfylt kontaktskjema for «Glidelåselevar». Dette sendast fylkeskommunen.				x			Delmål 4	Innan utgangen av februar  Gjeld berre Klepp
Mai 3. mai	Kontaktmøte med VGS og ungdomsskulane om ungdomskullet som kjem til hausten  Skulevis	x	x		x	x	x	Delmål 2  Arbeida i større grad på systemnivå for å redusera behov for oppfølging på individnivå	Skuleetatane set opp møteplan I samarbeid med sosiallærer sos.ped rådgjevar, helsesøster, rådgjevar
Mai 7.mai	Møte om «Tett på» mellom fagstab i Time og Bryne vgs	x	x		x	x	x		Gjeld Time
Innan 15. juni	Møte med elev og føresette og avdelingsleiar på BVS og repr. På ungdomsskulane om elevar som er søkt inn på særinntak.				x	x			Avdelingsleiar Bvgs på det respektive utd.program kallar inn.